

Bok på 1-2-3

Ørn

Av Martine Grande

Tverrfagleg undervisningsopplegg i norsk, KRLE, kunst og handverk og musikk, med tema mot og vennskap. Passar på 1.-4. trinnet.

Tid: 90 minutt

Sam er ein forsiktig gut som likar aller best å vere i lag med den gule undulaten sin, Ørn. Heime kjenner han seg trygg, og saman med Ørn er det aldri kjedeleg å vere inne. Når pappa seier han må gå ut og leike med dei andre ungane, snik Sam seg inn igjen. Ikkje berre for å vere i lag med Ørn, men også fordi Gorm og dei andre ikkje er særleg snille. Ein dag ser Sam ut vindaugget og får auge på ei jente han ikkje har sett før. Han blir varm i hjartet av henne, og slett ikkje redd, som han brukar å bli når han ser Gorm. Men plutselig flyg Ørn ut vindaugget, og Sam må ut og leite.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar.
- Skrive- og teiknesaker: Skrive- og teiknebok (gjerne med skrivehus). Ein god blyant, fargestiftar og viskelêr til kvar elev. Eventuelt nettbrett med skrive- og teikneflate.
- Ressursar for innlæring og utøving av vennskapssongen «Kom som du er», henta frå nynorsksenteret.no/kom



Formål

Norsk

- Alle: Bli godt kjende med nynorsk gjennom lytting, lesing og refleksjon.
- Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, leik, rørsle og andre kreative uttrykk.
- Hovudmål: skrivning.
- Sidemål 3. trinn: Utforske forskjellar og likskapar mellom skrivning på hovudmålet og sidemålet.

KRLE

- Samarbeide med andre i filosofisk samtale.
- Identifisere og reflektere over etiske spørsmål.

Kunst og handverk

- Gjennomføre kunstprosessar ved å søke inspirasjon, utforske moglegheiter, gjere val og lage egne produkt.

Musikk

- Utøve og utforske song og dans frå ulike musikkulturar.



1 Før lesing

(10 minutt)

Samtale

- Kva er ei biletbok? Det er ei bok der bilete og tekst skapar ei forteljing saman.
- Kva fargar, former og figurar ser de på framsida av boka? Det er nyansar av grønt og gult. Kva kjensler får du av fargane grøn og gul? Grønt kan til dømes gi kjensle av ro, natur og helse. Gult kan til dømes gi ei kjensle av optimisme og glede. Vi ser formene rektangel, sirkel og halvsirkel. Vi ser hovudet og ansiktet til ein gut, med ein liten fugl på hovudet.

Læraren seier at no blir det spennande å lese forteljinga i boka. Du fortel at Martine Grande både er forfattar og illustratør av biletboka *Ørn*.



2 Lesing

(20 minutt)

Læraren les høgt, og de opplever boka saman. Lag dykk ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa. Vit at alle kan lese nynorsk høgt, og at høgtlesinga er med på å bade elevane dine i nynorsk. Etter LK20 lærer eleven nynorsk som hovudmål frå 1. trinnet eller som sidemål frå 2. trinnet i opplæringa. Om du vil utvikle opplegget vidare, kan du ta vegar om ein meir performativ og leikbasert litteraturdidaktikk. Det mest sentrale er tid og rom til å undre seg og at det vert lagt til rette for at elevane kan sette ord på kjensler som kjem fram.

3 Etter lesinga (30 minutt)

Teksten og samtalen om boka øver opp dei etiske og estetiske refleksjonane til elevane. Læraren kan seie: Dette var ei spennande bok! Ho fekk meg til å ville vere modig og forsvare dei som er åleine og redde.

Samtale

- Vert ein modigare saman med andre?
- Må venner vere like?
- Vert ein modigare saman med eit kjæledyr, eller eit kosedyr?
- Vert ein tøffare og tryggare av å forsvare andre?

Tilpass til gruppa og den einskilde eleven: Teikn og/eller skriv noko om ein gong du var redd. Korleis var den situasjonen? De kan også bruke ei eigna teikne- og skrivebok med skrivehus, eller eit nettbrett med teikne- og skriveflate. De gjer dykk flid med teikninga og skrivinga, og øver på skriveretning og bokstavhøgder. De kan velje å vise fram eller stille ut arbeidet når det er ferdig.

4 Aktivitet (30 minutt +)

Kva er å verte mobba? Det kan til dømes vere

- at nokon snakkar om deg bak ryggen på deg
- å få spreidd eit rykte om seg
- å verte halden utanfor
- å verte pressa eller trua til å gjere ting for andre som ein ikkje vil
- å verte kalla noko stygt eller få ein stygg kommentar, for eksempel om utsjånad, klede, livssyn eller språk
- å verte slått, dytta eller pirka på
- å få sekken sin, eller noko anna ein eig, kasta rundt
- å ikkje få vere med i grupper og leik
- å aldri få noka positiv merksemd
- å få sårande eller stygge ord, blick, kroppsspråk og anna retta mot seg
- at nokon deler noko av deg som du ikkje har sagt ja til (gjennom skjerm, til dømes)

Samtale: Kva kan ein gjere for å stoppe mobbing mot seg sjølv og andre?

Vi lærer «Kom som du er» steg for steg, med song og dans. Vi framfører. La gjerne songen og dansen vere ein del av skulekvardagen i gruppa.